


det er **no** og så er det resten av livet



Alle folkehøgskolane Alle tilboda
skoleåret 2008/2009

Året som blei **mitt** – og som viste veg

Eg reiste langt for å gå på folkehøgskole, til Finnmark. Det blei byrjinga på eit sjølvstendig liv og seinare engasjement for det frieste skoleslaget verda. Eg ville stoppe opp ein augeblik etter vidaregåande, puste ut litt, men ikkje minst lære noko og fordjupe meg.

Det blei miljøvernlinje, engasjerte lærarar, flotte medelevar og mykje moro. Kva sit att etter desse ni månadene av livet mitt? Kjærasten, eller snøugla som lydlaust strauk forbi på kanten av stupet. Padling i ville stryk, haketur over viddene i Finnmark, lærarar som formidla fag som dei hadde eit forhold til – som dei elska. Reisa til St. Petersburg. Bokhylla eg laga i byte mot ein stor, varm ullgenser. Møtet med så mange forskjellige og spennande medelevar som gav farge til livet. Utfordringar som måtte løysast. Lange kveldar, kanskje netter, med samtalar. Jammen torde eg ikkje også å ta ordet i forsamlingar etter året på folkehøgskole.

Det var på folkehøgskolen eg fann ut at eg skulle halde fram med å studere økologi og gi næring til eit miljøengasjement. Der skreiv eg mine første spalte millimeter som andre las. Det er ikkje sikkert eg hadde jobba som journalist seinare om ikkje eg hadde fått prøve ut journalistikken i praksis (vi hadde eige trykkjeri på skolen).

77 folkehøgskolar – to informasjonskontor

I denne katalogen finn du oversikt over både dei frilynte og dei kristne folkehøgskolane i Noreg. Dei frilynte og dei kristne folkehøgskolane er knytte til kvart sitt informasjonskontor, men samarbeider om å gi ut denne katalogen og om nettstaden folkehogskole.no. Nedst på kvar av skolesidene (s. 26–102) ser du kva for kontor dei ulike skolane «tilhøyrer».



Informasjonskontoret for folkehøgskolen

47 av folkehøgskolane er knytte til IF



Informasjonskontor for kristen folkehøgskole

30 av folkehøgskolane er knytte til IKF

Faktisk forandrar så mange som 1/3 av alle elevar studieretning i løpet av studietida. Vi trur og har erfart at eit år på folkehøgskole gjer framtida meir tydeleg. På folkehøgskolen får du prøve deg på ulike fagområde, du kan få rettledning for vidare utdanningsval – du vil rett og slett bli tryggare på dei viktige vegvala dine.

Mange vil ha deg raskast mogleg gjennom utdanningssystemet og raskt ut i jobb. Vi trur at dei erfaringane du gjer deg gjennom eit folkehøgskoleår, får stor verdi når du skal ut i arbeidslivet. Det kan vere evna til samarbeid, vidsyn, sosial kompetanse, evna til å sjå spennande løysingar på problem og utfordringar – og ikkje minst det nettverket du opparbeider deg i løpet av året. Les oppslaget på side 16 og 17 – der fortel Jo, Per, Mariann og Jens kvifor folkehøgskole bør stå på utdanningsmenyen din.

Eg møter ofte menneske som angrar på at dei ikkje tok seg tid til eit år på folkehøgskole. Du har sjansen no. Det er 77 folkehøgskolar å velje blant, eg er sikker på at du finn ein som høver for deg.

Velkommen til folkehøgskolen.

Øyvind Krabberød

Prosjektleiar og tidlegare folkehøgskoleelev



EIN DAG PÅ FOLKEHØGSKOLE	S. 4
DI TID	S. 6
TI GODE GRUNNAR	S. 8
FAGLEG UTBYTTE	S. 10
DITT ROM	S. 12
NYE STADER	S. 14
FIRE OM FOLKEHØGSKOLE	S. 16
77 SKOLAR	S. 18
KART MED ALLE SKOLANE	S. 20
FAGOVERSIKT	S. 22
ALLE SKOLANE	S. 26
FAKTA OM FOLKEHØGSKOLE	S. 103
KORLEIS SØKJE	S. 104
ULIKE KURSTILBOD	S. 105
KVA KOSTAR DET – STIPEND OG LÅN	S. 106
NORDISKE ELEVAR	S. 108
NORSK PÅ NORDISK FOLKEHØGSKOLE	S. 109
FRÅ EIT ANNA LAND	S. 110
STIPEND FOR UNGDOM FRÅ LAND UTANFOR NORDEN	S. 111
WWW.FOLKEHOGSKOLE.NO	S. 112
HUGSELISTE	S. 113
ADRESSELISTER	S. 114

folkehøgskolene

REDAKTØR: Øyvind Brandt
PROSJEKTLEIAR: Øyvind Krabberød
MED I REDAKSJONEN: Tor Grønvik og Jon Ilseng

KVAR SKOLE ER ANSVARLEG FOR TEKST OG BILETE PÅ SI SIDE.

FOTO: Geir Mogen
BIDRAGSYTARAR TIL FOTOCOLLAGE: Maj-Lis Bogstrand Mogen, Johan Øvergård, Line Kibsgaard Sjøhelle og Christian Nilsen s. 17 M. S. Ottesen – Jannicke Sanne

DESIGN/LAYOUT: Tibe T reklamebyrå
TRYKK: Norprint

Med atterhald om endringar i skoletilboda og den offentlege tilskotspolitikken.
ISBN 82-90340-37-0

FELLESSAMLING KL 12.00
Redigering

NB!
vask gangen

Husk!
BANDPÅVÆLSE
TIRS. 19/20
AATDS

KONSERT
i storsalen kl 18.00
Må gjøre ferdig redigering
for dette - filmen skal vises i morgen!!

FILMVISNING KL. 14.00

ANE HAR BURS DAG
↳ Pizza kl 20.00

Filming hele dagen
(sjekk at vi har nok
DV-Tape)

FJELLTUR

Sovepose
Mat
Ekstra skift
Kamera + LIGGEUNDERLAG

PAPPA
BURS DAG
- Ring hjem!

det er den **tette** timeplanen
og så er det alle pusteromma



det er di tid

og så er det tida du deler med andre

Somme ting gjer du berre for din eigen del. Andre gonger handlar det om å finne sin plass i eit større fellesskap. På folkehøgskolen får du høve til å vere berre deg sjølv – saman med mange andre.

Ti gode grunner til å velje folkehøgskole



Fag

På folkehøgskolen får du høve til å fordjupe deg i det du er mest interessert i – på ein annan måte enn du har vore van med, og utan å måtte tenkje på eksamen. Kanskje førebur du deg på opp-taksprøver til høgare utdanning. Føresetnadene er i alle fall dei beste for å tileigne seg fagleg lærdom.



Noko meir enn fag

Vel så viktig som faga er det å utvikle «alt det andre»: haldningar, kreativitet, tryggleik til å kunne seie kva ein meiner, evne til å kommunisere på ulike måtar, og ikkje minst det å fungere saman i eit sosialt og fagleg fellesskap.



Moderne læring

Vi menneske har mange måtar å lære på. På folkehøgskolen legg vi vekt på motivasjon og på at ein lærer best det ein gjer sjølv. Derfor legg vi til rette for praktisk basert læring gjennom fag, prosjekt, seminar, presentasjonar, studiereiser og det sosiale livet på skolen elles.



Vitnemål

Etter eit år på folkehøgskole får du eit vitnemål som fortel kva for skole du har gått på, kva fag du har hatt, kor mange timer du har hatt i veka, og kor mykje du har vore til stades.



To tilleggspoeng

Eitt års folkehøgskole med godkjend dokumentasjon kan gi deg to tilleggspoeng. Det er det same som ein får for førstegongstesta eller for 60 studiepoeng.



Finn din eigen veg

Eit år på folkehøgskole kan gi deg mot, erfaring og entusiasme som du kanskje treng for å kunne velje din veg vidare i studium og jobb. Du kan rett og slett finne ut kven du er, og kva du vil bli – og kanskje kva for kampar du ønskjer å vere med i.



Meiningsfulle studiereiser

Folkehøgskolane har store nettverk i inn- og utlandet. Desse blir brukte til å leggje til rette for spennande, annleis og utviklande studiereiser til nære og fjerne reisemål. Du får møte vanlege og uvanlege menneske med ein annan kulturbakgrunn på ein måte som gir deg stort personleg utbytte, og eit engasjement som du kanskje ikkje opplever like lett når du reiser på eiga hand.



Vidare horisont

Dersom du vel folkehøgskole, vil du møte nye menneske, fag, emne og prosjekt, ukjende stader og kulturar, som vil stimulere deg og utvide horisonten din. Kall det gjerne ei form for danning, noko du vil ha glede av resten av livet. Dette blir også stadig meir etterspurt i arbeidslivet.



Nye venner

Du blir godt kjend med mange forskjellige og spennande menneske på folkehøgskolen. Menneske du kanskje elles ikkje ville møtt. Nye vennskapar som kan vare livet ut, og opne dører du ikkje eingong visste fanst. Mange vel å reise eller studere saman etter folkehøgskolen.



Mykje for pengane

Og alt dette for litt over kr 4000 i månaden!



det er **Svaret** på alt og så er det tusen nye spørsmål

På folkehøgskolen vil du oppleve at faga er annleis enn du er van med. Dei fleste skolane har ein struktur der du vel eit linjefag (fordjupingsfag) og nokre valfag, og desse utgjer til saman dei fleste timane i veka. I tillegg vil fleirtalet av skolane ha eitt eller fleire fellesfag og tilbod om seminar og prosjekt.

Praktisk tilnærming

Ingen styresmakter fastset innhaldet i faga. Du og med-elevane dine, saman med faglærarane, står fritt til å stoppe opp og gå i djupna på ting de synest verkar spennande. Det er stort spenn i fagtilboda, men felles for dei fleste er ei meir praktisk enn teoretisk tilnærming (learning by doing). Dei erfaringane du gjer i faga og i skolesamfunnet elles, er utgangspunkt for samtalar og refleksjon – og dermed læring.

Dei frie rammene på folkehøgskolane gir fridom til også å kunne jobbe med andre kompetansar enn reint faktabasert kunnskap, slik som kreativitet, samarbeid, prosessar og kommunikasjon. Dersom moderne danning er evna til å sjå, ja, då er folkehøgskolen ein dannelsesarena. Gjennom faga lærer du å møte omverda som eit aktivt, kreativt og relasjonelt menneske.

Vitnemål

Dei faga du vel, gir deg derfor eit unikt høve til å utvide horisonten og orientere deg i ei stadig meir kompleks verd, samtidig som vi trur du lærer best av eiga interesse, og ikkje fordi du må igjennom eit pensum som er fastsett av andre. Mykje av det du lærer på folkehøgskolen, eignar seg ikkje for testing ved eksamen eller vurdering ved karakterar.

Men du får eit vitnemål som fortel kva for skole du har gått på, kva fag du har hatt, kor mange timer dei utgjer, og kor stor del av tida du har vore til stades. Har du vore til stades i minimum 90 prosent av timane, kan året på folkehøgskole gi deg to tilleggspoeng ved ordinært opptak til dei fleste studium ved offentlege høgskolar og universitet.



12

13

Folkehøgskole er møte med nye menneske. Du flyttar heimanfrå, til eit pulserande liv. Du bur kanskje for første gong på dine eigne kvadratmeter, men saman med medelevar. Livet på ein folkehøgskole er ei ny verd, ei verd som blir så stor som du gjer henne. Det skjer noko «døgnet rundt». Du avgjer sjølv om du vil gå på verkstaden om kvelden, øve med bandet, vere på Facebook, sjå ein film, lese ei bok eller ... Sjansen er stor for at du møter nokon som blir ein del av livet ditt for alltid.

det er ditt **rom**
og så er det alle på rommet ditt



det er du

og så er det resten av verda

Folkehøgskolane i Noreg er internasjonalt orienterte og legg vekt på vidsyn, berekraftig miljø, fred og solidaritet. Vi meiner at ei slik orientering best kan følgjast opp gjennom direkte og likeverdig kontakt mellom menneske frå forskjellige land og kulturar. Eit år på folkehøgskole vil hjelpe deg til å forstå meir av deg sjølv og verda omkring deg, og gi deg mot og entusiasme, så du kan vere med på å gjere verda til ein endå betre stad å leve på.

Energien i ulikskapane

For å møte andre menneske og trengje igjennom ein del kulturelle slør treng du tid og gunstige omstende. Det får du på folkehøgskolen. Du blir betre kjend med det menneskelege og kulturelle mangfaldet på jorda. I møte med ulike menneske frå nær og fjern, og gjennom emna som blir tekne opp, vil du oppdage og vonleg setje pris på energien i ulikskapane.

Studiereiser med mening

Det er først når du møter andre menneske ansikt til ansikt, at du utviklar levande og varig kunnskap. Som elev ved ein folkehøgskole vil du sannsynlegvis vere med på ei eller fleire studiereiser. Innhald og reisemål vil variere frå skole til skole

og frå linje til linje. Mange skolar er engasjerte i prosjekt i andre land og har samarbeidspartnarar som sportssenter, FN-fredssenter, barneheimar, kulturskolar og seglskuter.

For ein beredyktig klode

Folkehøgskolen har lange tradisjonar for engasjement i både lokale og globale utfordringar, innan miljø og internasjonale spørsmål. Fleire skolar deltek i Balanseakten, ein kampanje for undervisning i berekraft, eller er med i folkehøgskoleprosjektet Pedagogikk for dei rike, som set søkjelyset på våre eigne handlingar som utgangspunkt for ei annleis verd. Folkehøgskolane deltek ofte i Operasjon Dagsverk, og dei har sin eigen hjelpeorganisasjon, Interfolk, som samarbeider med NORAD.

To år på folkehøgskole

Det blei heile to år på folkehøgskole for den tidlegare redaksjonssjefen i Natur og Ungdom, Jo Straube. – Det er vanskeleg å førestelle seg korleis livet hadde vore utan dei to åra, seier Jo.

Etter statsvitkapsstudiet angra Straube på at han ikkje hadde teke eit år på folkehøgskole. Først som 21-åring blei det folkehøgskole på Jo.

Folkehøgskoleåra fekk mykje å seie for det vidare yrkesvalet til mossingen. Etter to fantastiske år i Lofoten, første året som elev på fotoprofflinja, deretter eit år som assistent på linja, var kursen staka ut for Jo. Åra gav fagleg utvikling og sjølvtilitt. Jo fekk som frilansar etter kvart innpass i ei rekkje medium med bileta sine – Dagbladet, Natur og Ungdom, Aftenposten, Blikk og Lofotposten.

Etter folkehøgskolen jobba Jo Straube som redaksjonssjef for tidsskriftet Putsj, som Natur og Ungdom gir ut, og her fekk den naturglade østfoldingen utløp for miljøengasjementet sitt. No held han fram som fotojournalistikkstudent på Høgskolen i Oslo. Men han tek seg tid til frilansing og er jamleg tilbake på folkehøgskolen i Lofoten som gjestelærar.

Folkehøgskole gir auka sosial kompetanse

Per Bergerud er administrerende direktør for rekrutteringsbyrået Proffice. Han ser mykje positivt i å ta eit år på folkehøgskole.

For mange er året på folkehøgskole det første året i eigen bustad. Dette gir auka sosial kompetanse. Gjennom eit år på folkehøgskole får ein dessutan høve til å tileigne seg meir kunnskap om dei ulike yrkesvala, og ein blir meir sosialt moden. Per Bergerud har ikkje sjølv gått på folkehøgskole, men er einig i at mange har ei positiv personleg utvikling etter eit år på folkehøgskole.

– Når vi vel ut ein person til ein jobb, er det basert på krav til formell bakgrunn, arbeidserfaring, personlegdom og eventuelle andre krav som måtte ligge føre. Eg tenkjer ikkje på folkehøgskole som eit friår. Dersom kandidaten er blitt tryggare på vegvalet sitt og på yrkeskarrieren vidare, er det heller positivt, seier Bergerud.

Det er eit faktum at svært mange vel feil yrkesretning. Faktisk endrar så mange som 1/3 av alle elevar studieretning i løpet av studietida. Om dette seier Bergerud:

– Mange elevar går ut frå vidaregåande utan å vere sikre på kva dei skal gjere vidare. Eit år på folkehøgskole vil auke sjansen for at dei vel riktig. Eg trur det er både sunt og godt med eit slikt år etter at ein er ferdig på vidaregåande.



– Utan åra på folkehøgskolen hadde eg ikkje komme inn på fotojournalistikkstudiet eller fått jobb som frilansar i Dagbladet, understrekar Straube.

Frå folkehøgskoletida trekkjer han også fram det gode sosiale livet.

– Eg blei veldig godt kjend med mange og lærte å like ulike typar menneske. Livet her i Oslo kan ikkje samanliknast. Eg må stadig tilbake til folkehøgskolen. Opplevingane frå klatring i fjellet, toppturar og storfangst på havet sit i ryggmergen, avsluttar Jo Straube.



Realiserte draumen gjennom folkehøgskole

Marian Saastad Ottesen hadde ein hemmeleg draum om å bli skodespelar. Når ein går på folkehøgskole, kan draumen fort bli til røyndom. Det opplevde i alle fall Marian.



– For meg var det heilt perfekt å gå på folkehøgskole. Der fekk eg prøvd ut det å vere skodespelar. For meg, som ikkje er den tøffaste jenta i verda, var det veldig viktig å få litt sjølvtilitt i eit miljø der eg fekk støtte frå venner, før eg blei kasta ut i den store verda. Det er ei veldig fin tilnærming. Dersom ein har lyst til å finne ut om det er hald i ei eller anna interesse, anten det er teater, foto eller noko anna, så er dette ein veldig fin måte å finne det ut på, seier Marian.

Å bu åleine, få nye venner og finne ut kva ein vil gjere vidare i livet, er blant dei viktigaste grunnane mange gir for å ta eit år på folkehøgskole. Marian er ikkje noko unntak.

– Mange av vennene eg fekk på folkehøgskolen, er blant dei beste vennene mine den dag i dag. Og andre er

”Mange av vennene eg fekk på folkehøgskole, er blant dei beste vennene mine den dag i dag.”

kollegaer, for eksempel Nicolai Cleve Broch. Sidan dette var det første året eg budde heimanfrå, syntest eg folkehøgskole var ein veldig fin overgang. Her bur ein åleine, berre saman med mange andre. Det var rett og slett eit kjempesint år og ei veldig fin oppleving. Eg kom inn på teaterhøgskolen etter året på folkehøgskole, og erfaringane derfrå var gode å ha med seg. Eg ser tilbake på året på folkehøgskole med berre gode minne og kan absolutt anbefale det

Folkehøgskole gir guts og overblikk

Det er få ting som gir så godt overblikk over kva ein skal gjere vidare i livet, som eit år på folkehøgskole, seier trønderen Jens Fjelnset. Og han burde vite det meste om overblikk, han som er helikopterpilot.



– Ein modnast mykje gjennom eit år på folkehøgskole. Det kan gi mot til å gjere utradisjonelle val. Og det kan vere lurt å ta slike val ganske tidleg i livet, for det er ofte lang veg frem, seier Jens.

– På folkehøgskolen blei eg medviten om at det var mogleg å gå andre vegar enn dei typiske opptrakta stigane. Dette gav meg guts til å tore å gjere eit uvanleg val, og til å gjennomføre det. Ein møter utruleg mange forskjellige folk på folkehøgskole. Frå wannabe-anarkistar til dei som ønskjer å bli handballproffar. Og det er bra! Det er utruleg artig med så mange ulike menneske på eitt brett, og møta med desse menneska er kanskje det aller viktigaste ein sit att med etterpå, seier Jens.

Mange val her i livet er svært tilfeldige. For Jens og hans yrkesval var det også slik.

– Eg skulle egentleg bli lydteknikar. Det var litt av grunnen til at eg byrja på folkehøgskole, skoletrøyt som eg var. Men eg kom ikkje inn på lydteknikarskolen etterpå, så då blei det heller helikopterutdanning i Italia, fortel han.

– Der var det ikkje nok å ha gode karakterar. Ein måtte også gjennom mykje testing. Det å jobbe som helikopterpilot krev at ein ikkje gir seg. Det er dei mest tolmelige som overlever i denne bransjen. No jobbar eg i Nordsjøen og angrar ikkje på dei vala eg har gjort. Heller ikkje at eg gjekk på folkehøgskole, avsluttar den trivelege trønderen.



det er **77** forskjellige skolar og ein som høver for deg

Vi er heilt sikre på at det finst ein folkehøgskole som høver for akkurat deg. Men det er du som må finne denne skolen. Bruk heile katalogen når du skal bestemme deg, og høyr gjerne på folk som har gått på folkehøgskole før. Gå inn på www.folkehogskole.no for å lese meir, eller ring dei skolane du er mest nysgjerrig på.

Skolar over heile landet

Som du ser av kartet på neste side, ligg det folkehøgskolar over heile landet. Nokre i byar og nokre på mindre stader. Ønskjer du å reise langt heimanfrå, til ein del av landet du aldri har vore på før, til noko som er annleis enn det du er van med? Eller til ein stad du kjenner godt og gjerne vil sjå att?

Fag for alle slags interesser

Nokre skolar har fokus på eitt fagområde, for eksempel musikk, friluftsliv eller teater. Men på dei fleste skolane finn du mange forskjellige typar fag å velje mellom. Den danseglade, friluftsfriken, kunstnarspiren og den som interesserer seg litt for alt, kan godt finne fram til den same skolen. På side 22 er det oversikt over alle linjefaga som folkehøgskolane tilbyr. Når du søkjer på ein skole, søkjer du vanlegvis om plass på eitt av linjefaga (på somme skolar søkjer du på to). Det er dette faget du kjem til å fordjupe deg mest i gjennom skoleåret. I tillegg vil det vere valfag og nokre fellesfag på timeplanen.

Frilynt eller kristen folkehøgskole?

I tillegg til det faglege mangfaldet har skolane også forskjellig profil og verdigrunnlag. Dette vel skolane sjølv. Ein folkehøgskole vil noko – og står for noko! Dei fleste driv ut frå eit pedagogisk syn som ikkje tek utgangspunkt i religion (ofte blir dei kalla frilynte), nokre har eit kriste grunnsyn. Ønskjer du å vite noko om profilen på den skolen du vel, og korleis verdigrunnlaget pregar den, må du sjekke skolens eigen brosjyre eller nettstad. Både frilynte og kristne folkehøgskolar ser verdien i å ha elevar med ulike interesser, ulik bakgrunn og ulike livssyn.



Dei 47 frilynte folkehøgskolane er knytte til Informasjonskontoret for folkehøgskolen.



Dei 30 kristne folkehøgskolane er knytte til Informasjonskontor for kristen folkehøgskole.

Valet er ditt

Kvart einaste år går meir enn 6000 elevar på folkehøgskole. Og det er nesten aldri nokon som angrar. Skolane legg til rette for gode faglege og sosiale rammer, men noko av det mest spennande er at kvart elevkull set sitt preg på skoleåret.

Fakta om folkehøgskolane

- 47 frilynte og 30 kristne folkehøgskolar
- Gjennomsnitt på 80 elevar per skole
- Gjennomsnittspris er rundt 4100 kroner i månaden – kost og losji er inkludert i denne prisen
- Du har rett på lån og stipend frå Lånekassa på til saman 82 900 kroner
- Du kan oppnå to tilleggspoeng
- Opptaket startar 1. februar
- Skoleåret varer frå august til mai

Du finn meir informasjon bakarst i katalogen. På www.folkehogskole.no kan du bestille skolebrosjyrar og sende søknad.

Fagoversikt

22

AVIS > sjå Medium og kommunikasjon
BÁTBYGGING > sjå Kunst, design og handverksfag
DATA> sjå IT
DRAMA > sjå Teater, drama, revy
DYKKING > sjå Idrett og friluftsliv

FILM, VIDEO > sjå Medium og kommunikasjon
FREDSFAG > sjå Internasjonale fag
FRILUFTSLIV > sjå Idrett og friluftsliv
GRAFISK DESIGN > sjå IT
HELSEFAG > sjå Sosial, helse og omsorg

HUNDEKØYRING > sjå Idrett og friluftsliv
INTERIØR > sjå Kunst, design og handverksfag
JAKT OG FISKE > sjå Idrett og friluftsliv
KOSTYME OG SMINKE > sjå Kunst, design og handverk
MÅLING > sjå Kunst, design og handverk

PSYKOLOGI > sjå Sosial, helse og omsorg
PEDAGOGIKK > sjå Sosial, helse og omsorg
RADIO > sjå Medium og kommunikasjon
REISELIV > sjå Internasjonale fag
REVVY > sjå Teater, drama, revy

RIDING > sjå Hest
SAMFUNNSFAG > sjå Internasjonale fag
SEGLING > sjå Maritime fag
SJØLVUTVIKLING > sjå Sosial, helse og omsorg
SIRKUS > sjå Teater, drama, revy

SPRÅK > sjå Internasjonale fag
SAUM > sjå Kunst, design og handverk
TEIKNING > sjå Kunst, design og handverk
TV > sjå Medium og kommunikasjon
WEB > sjå IT

23

Faga i denne fagoversikta er dei du kan søkje på for opptak ved ein skole. Finn du ikkje ditt fag i ein kategori, rår vi deg til å sjå under andre fagkategoriar også. Når du kjem til skolen, kan du i tillegg velje fleire valfag. Somme skolar kallar faga sine for noko anna enn linjefag, eller dei har eit anna system (f.eks. at du søker plass på ein musikkfolke-høgskole på bakgrunn av hovudinstrument og elles set saman timeplanen ut frå ei rekkje musikkemne).

ANIMASJON

Animasjon, Møre, s. 57

BIL, MOTOR OG MC

Bil og Mekk, Birkeland, s. 29
Cross Downhill, Rødde, s. 75

DANS (SJÅ OGSÅ MUSIKK OG TEATER, DRAMA, REVY)

Dans, Follo, s. 38
Dans, Numedal, s. 66
Dans. Rønningen, s. 76
Dans, Sagavoll, s. 77
Dans, Sunnfjord, s. 87
Dans, Sunnhordland, s. 88
Dans, Sunnmøre, s. 89
Dans, Trøndertun, s. 94
Dans Idrett, Sunnmøre, s. 89
Dans og koreografi, Revyskolen Solbakken s.70
Dans Scene, Sunnmøre, s. 89
Folkedans, Manger, s. 55

FILOSOFI

Idé, kultur og samfunn, Nansenskolen, s. 59

FORTELJEKUNST

Fortellerkunst, Ringerike, s. 72

FOTO (SJÅ OGSÅ IT OG MEDIUM OG KOMMUNIKASJON)

Backpack Foto, Soltun, s. 85
Bilde og kommunikasjon, Skjeberg, s. 81
Foto, Jæren, s. 51
Foto, Fana, s. 35
Foto, Sandvik, s. 78
Foto, Sund, s. 86
Foto, DV og grafisk design, Nordhordland, s. 61
Foto – friluftsliv, Øytun, s. 100
Foto/ Media, Nordmøre, s. 63
FotoAction, Bjerkely, s. 30
FotoAdvanced, Bjerkely, s. 30
FotoClassic, Bjerkely, s. 30
FotoDigital, Bjerkely, s. 30
Fotofoto, Lofoten, s. 53
Fotografering og video, Fana, s. 35
Fotografi, Arbeiderbevegelsens, s. 27
Fotografi, Buskerud, s. 32
Fotografi, Lundheim, s. 54

Fotografi, Sunnfjord, s. 87
Fotojournalistikk, Arbeiderbevegelsens, s. 27
Fotokunst, Sogndal, s. 83
Foto/opplevelser, Elverum, s. 34
Foto/video/media, Namdals, s. 58
Global Foto, Solborg, s. 84
Naturfoto, Lofoten, s. 53
Naturfoto, Sogndal, s. 83
Nordisk naturfotolinje, Øytun, s. 100
Proffoto, Lofoten, s. 53
Påturfoto, Lofoten, s. 53

GARDSDRIFT

Økologisk jordbruk, Fosen, s. 39

HEST

1. års Hestelinje, Fjordane, s. 36
2. års Hestelinje, Fjordane, s. 36
Hest, Hardanger, s. 44
Hest, Høgtun, s. 49
Hest, Manger, s. 55
Hest, Pasvik, s. 68
Hest, Torshus, s. 91
Hestelinje, Peder Morset, s. 69
Hest og villmark, Folkehøgskolen 69°Nord, s. 37
Horsemanship, Fosen, s. 39
Ridning, Hurdal Verk, s. 48
Ridning og hestestell, Soltun, s. 85

IDRETT OG FRILUFTSLIV (INKL. DYKKING, HUNDEKØYRING, JAKT OG FISKE)

Adventura - Egypt, Møre, s. 57
Adventura – Vatn, Møre, s. 57
Adventure, Numedal, s. 66
Adventure-Vertikal, Solborg, s. 84
Adventure Race, Valdres, s. 95
Adventure Sport, Rødde, s. 75
Africa United, Solborg, s. 84
Aikido og østlig filosofi, Vestoppland, s. 97

Backcountry jibbing, Rødde, s. 75
Backpack Artic, Soltun, s. 85
Backpacker/ ekstremsport, Elverum, s. 34
Ballidrett, Sund, s. 86
Beach og volleyball, Sunnfjord, s. 87
Beachvolleyball, Lundheim, s. 54
Birkebeiner, Bjerkely, s. 30
Bratt, Hallingdal, s. 43
Bratt & Glatt, Sogndal, s. 83
Buldring – styrke – idrett, Fredly, s. 40
Bysport, Holtekilen, s. 47

Den sunne linje, Toten, s. 92
Dykking, Høgtun, s. 49
Dykking, Lofoten, s. 53
Dykking, Risøy, s. 73
Dykking og Sjøsport, Jeløy, s. 50
Dykking/Sjø/Friluftsliv, Molde, s. 56

Ekspedisjoner & Eventyr, Haugetun, s. 45
Eskimo - havkajak og hundekjøring, Torshus, s. 91

FBI – Friluftsliv Bibel Initiativ, Sagavoll, s. 77
Fitness, Lundheim, s. 54
FIX – Friluftsliv Ekstrem, Sagavoll, s. 77
Fjell, Lofoten, s. 53
Flexilinjje, Peder Morset, s. 69
Flyt, Hedemarkstoppen, s. 46
Flytsonen, Pasvik, s. 68
Fotball, Grenland, s. 42
Fotball i fokus, Nordhordland, s. 61
Fotball, Haugetun, s. 45
Fotball, Jeløy, s. 50
Fotball, Numedal, s. 66
Fotball, Sund, s. 86
Fotball, Trondarnes, s. 93
Fotball, Ål, s. 101
Fotball/Barzelona, Molde, s. 56
Fotball/Brazil, Molde, s. 56
Fotball/Idrett, Hardanger, s. 44
Freeride med videoproduksjon, Namdals, s. 37
Freestyle Freeride, Rødde, s. 75
Friluft Mix, Birkeland, s. 29
Friluftsliv, Elverum, s. 34
Friluftsliv, Fosen, s. 39
Friluftsliv, Hallingdal, s. 43
Friluftsliv, Hardanger, s. 44
Friluftsliv, Karmøy, s. 52
Friluftsliv, Sagavoll, s. 77
Friluftsliv , Sogndal, s. 83
Friluftsliv, Vefsn, s. 96
Friluftsliv, Åsane, s. 102
Friluftsliv - Adventure, Seljord, s. 79
Friluftsliv – Adventure, Valdres, s. 95
Friluftsliv/ aktivitet, Nordfjord, s. 60
Friluftsliv/Aktivitet/Afrika, Molde, s. 56
Friluftsliv – Allround, Høgtun, s. 49
Friluftsliv – alpin, Fredly, s. 40
Friluftsliv – Arktis, Øytun, s. 100
Friluftsliv/ bre og fjell, Nordfjord, s. 60
Friluftsliv – brett, Fredly, s. 40
Friluftsliv/ ekspedisjon, Nordfjord, s. 60
Friluftsliv – ekstrem, Karmøy, s. 52
Friluftsliv – Eventyr og Ekspedisjon, Nordmøre, s. 63
Friluftsliv – flyt, Øytun, s. 100
Friluftsliv – hundekjøring, Øytun, s. 100
Friluftsliv – idrett, Fredly, s. 40
Friluftsliv/jakt og fiske, Nordfjord, s. 60
Friluftsliv – jakt og fiske, Øytun, s. 100
Friluftsliv – klatring og buldring, Fredly, s. 40

Jakt, fangst, fiske i Norge og USA, Skogn, s. 82
Jakt og fiske med fokus på storviltjakt, Hardanger,s. 44
Jakt og fiske, Seljord, s. 79
Jakt og fiske, Pasvik, s. 68

Klatring, Høgtun, s. 49
Klatring/Fjell/Friluftsliv, Molde, s. 56
KRIK, Sagavoll, s. 77
KRIK – Volleyball og Ski, Sagavoll, s. 77

LinjeX, Numedal, s. 66
Luftsport og dykking: Høyt og lavt, Torshus, s. 91

Martial Art og Zen, Vestoppland, s. 97
Multi – aktiviteter og opplevelser, Solborg, s. 84
Multisport, Seljord, s. 79
Multisport, Sunnmøre, s. 89

Norge på langs, Bakketun, s. 28

Opplev - Afrika, Møre, s. 57
Outdoor Basic, Hurdal Verk, s. 48
PULS – Idrett og Friluftsliv, Fredtun, s. 41

Friluftsliv/ KRIK, Nordfjord, s. 60
Friluftsliv med idrett, Skiringssal, s. 80
Friluftsliv, natur og miljø, Agder, s. 26
Friluftsliv – off piste, Øytun, s. 100
Friluftsliv og idrettslinje, Peder Morset, s. 69
Friluftsliv - sjø, Karmøy, s. 52
Friluftsliv/ ski og surf, Nordfjord, s. 60
Friluftsliv – Topp 30, Høgtun, s. 49
Friluftsliv – veileder, Øytun, s. 100
Friluftsliv – vind og vann, Fredly, s. 40
Friluftsliv/ vind og vatn, Nordfjord, s. 60
Fritt vilt, Namdals, s. 58

Golf – Snø, Valdres, s. 95

H2O – Vannsport og Friluftsliv, Fredtun, s. 41
Håndball, Grenland, s. 42
Håndball, Skogn, s. 82
Hundekjøring – Adventure – Alaska, Valdres, s. 95
Hundekjøring og villmarksiv, Pasvik, s. 68
Hund og villmark, Folkehøgskolen 69°Nord, s. 37

Idrett, Hallingdal, s. 43
Idrett, Ringerike, s. 72
Idrett, Sogndal, s. 83
Idrett, Vefsn, s. 96
Idrett Ball, Hurdal Verk, s. 48
Idrett – Ball, Rønningen, s. 76
Idrett Ballspel, Sunnmøre, s. 89
Idrett – Ballsport, Høgtun, s. 49
Idrett Friluftsliv, Hurdal Verk, s. 48
Idrett – Friluftsliv, Valdres, s. 95
Idrett – H2O, Høgtun, s. 49
Idrett Kenya, Borgund, s. 31
Idrett Mix, Birkeland, s. 29
Idrett og friluftsliv, Nordhordland, s. 61
Idrett og friluftsliv, Voss, s. 99
Idrett og Villmark, Hedmarktoppen, s. 46
Idrett – Piste, Valdres, s. 95
Idrett - Puls, Høgtun, s. 49
Idrett.Treningsinstruktør, Sunnmøre, s. 89
Innebandy, Jeløy, s. 50

Jakt og fiske i Norge og USA, Skogn, s. 82
Jakt og fiske med fokus på storviltjakt, Hardanger,s. 44
Jakt og fiske, Seljord, s. 79
Jakt og fiske, Pasvik, s. 68

Klatring, Høgtun, s. 49
Klatring/Fjell/Friluftsliv, Molde, s. 56
KRIK, Sagavoll, s. 77
KRIK – Volleyball og Ski, Sagavoll, s. 77

LinjeX, Numedal, s. 66
Luftsport og dykking: Høyt og lavt, Torshus, s. 91

Martial Art og Zen, Vestoppland, s. 97
Multi – aktiviteter og opplevelser, Solborg, s. 84
Multisport, Seljord, s. 79
Multisport, Sunnmøre, s. 89

Norge på langs, Bakketun, s. 28

Opplev - Afrika, Møre, s. 57
Outdoor Basic, Hurdal Verk, s. 48
PULS – Idrett og Friluftsliv, Fredtun, s. 41

Sandvolley, Grenland, s. 42
Sjø og Snø, Sunnmøre, s. 89
Sjøsport og friluftsliv, Risøy, s. 73
Sjøsport/Offroad/Snowboard, Molde, s. 56
Sjøsport/Offroad/Telemark, Molde, s. 56
Ski – Idrett og friluftsliv, Ringebu, s. 71
Ski & klatring, Lofoten, s. 53
Ski & klatring Canada, Lofoten, s. 53
Ski og Klatring, Sogndal, s. 83
Snowboard, Elverum, s. 34
Snowboard, Hurdal Verk, s. 48
Sport, Lundheim, s. 54
Sport & Adventure, Sunnfjord, s. 87
Sport Extreme Australia, Bakketun, s. 28
Sport og film, Nordmøre, s. 63
Sport og helse, Nordhordland, s. 61
Sport og helse, Numedal, s. 66
Sportsjournalistikk og idrett, Skjeberg, s. 81
Sportsklatring, Sogndal, s. 83
Surfing, Jæren, s. 51
Switch, Hallingdal, s. 43

TaeKwon – Do (NTN), Nordmøre, s. 63
Terrengsykkel, Hurda Verk, s. 48
Toppidrett, Rønningen, s.76
Trening og livsstil, Risøy, s. 73
Treningsinstruktør - Aerobic, Fredly, s. 40
Treningsinstruktør/Fitness/Helse, Molde, s. 56
Treningsinstruktør – Spinn/Treningsveiledn., Fredly,s. 40

Vandring & friluftsliv, Sunnfjord, s. 87
Villmark, Ringerike, s. 72
Vintersport, idrett og natur, Namdals, s. 58
Volleyball, Vefsn, s. 96
Volleyball & musikk, Sunnfjord, s. 87

INTERNASJONALE FAG (INKL. FREDSFAG, REISELIV, SAMFUNN, SOLIDARITETSFAG, SPRÅK OG UTVIKLINGSSARBEID)

Adventure, Hurdal Verk, s. 48
Afrika, Borgund, s. 31
Afrika, bistand/kultur, Elverum, s. 34
Australia, Borgund, s. 31
Aventura! – Latin-Amerika, Valdres, s. 95
Backpack Surprise, Soltun, s. 85
Backpacking Øst, Pasvik, s. 68
Backpacker, Grenland, s. 42
Bistandslinjen: "Barn i fokus", Nordhordland, s. 61
BRO (bistand – reise – oppdrag), Karmøy, s. 52
Canada, Borgund, s. 31
Destinasjon Latin-Amerika, Haugetun, s. 45
Europa, Namdals, s. 58
Explore – Latin Amerika, Toten, s. 92
Exploring Bolivia/ Brasil, Bakketun, s. 28
Fairtrade – Nicaragua –Ut, Valdres, s. 95
FN-linje, Sund, s. 86
FN-akademiet, Arbeiderbevegelsens, s. 27
Folkehøgskole i Hviterussland, Agder, s. 26
Fredskorps, Sund, s. 86
Global, Rønningen, s. 76
Globalt Fokus, Birkeland, s. 29
Global Image, Bjerkely, s. 30
Global Solidaritet, Ringerike, s. 72
Global Village, Solborg, s. 84
Globalt perspektiv (Sri Lanka & Kenya/Uganda),

Lundheim, s. 54
Himalaya, Borgund, s. 31
Idéer for kultur og samfunn, Nansenskolen, s. 59
Idrett - Bistand – Afrika, Valdres, s. 95
Interkulturell kommunikasjon og utvikling, Nordhordland, s. 61
Internasjonal, Olavskulen Bømlø, s. 67
Italiensk språk og kultur, Fana, s. 35
Kina, Toten, s. 92
Kina – Midtens Rike, Møre, s. 57
Nordenlinjen, Nordiska, s. 62
Opplev Hellas, Haugetun, s. 45
Peacebuilding, Soltun, s. 85
Samfunn, politikk, miljø, Agder, s. 26
Psykologi og samfunn, Fana, s. 35
Reise, Sunnfjord, s. 87
Reiseliv, Follo, s. 38
Reiseliv, Grenland, s. 42
Reiseliv, Hallingdal, s. 43
Reiseliv, Jeløy, s. 50
Reiseliv, Ringebu, s. 71
Reiseliv, Toten, s. 92
Reiseliv Australia/ Thailand, Bakketun, s. 28
Reiseliv og turisme, Nordhordland, s. 61
Reiseliv-service, Karmøy, s. 52
Reiseliv-spansk, Karmøy, s. 52
Safari – Interkulturelt Fokus, Sagavoll, s. 77
Solidaritetsarbeid, Hardanger, s. 44
Sosialt engasjement i Nord/Sør, Sund, s. 86
Sør-Afrika linja, Holtekilen, s. 47
Sør-Amerika, Borgund, s. 31
Thailand og Vietnam, Borgund, s. 31
Turisme og reiseliv, Risøy, s. 73
U-land, Sund, s. 86
U-landslinje (ISA), Åsane, s. 102
USA, Borgund, s. 31
USA – friluftsliv og film, Skogn, s. 82
Voluntario Ecuador, Fredtun, s. 41
Volunteer Kenya, Fredtun, s. 41

IT

Data Media, Birkeland, s. 29
Data/Multimedia, Bakketun, s. 28
Data og internett, Voss, s. 99
Grafisk design, Skjeberg, s. 81
Grafisk design og visuell kommunikasjon, Arbeiderbevegelsens, s. 27
IT/data, Ål, s. 101
Kreativ data, Lundheim, s. 54
Lap Top (data-media-kommunikasjon), Karmøy, s. 52
Multimedia/Data, Molde, s. 56
Web og Grafisk, Jeløy, s. 50

KJØKKEN OG MATLAGING

Baker-konditor, Karmøy, s. 52
Eksotisk mat, Rødde, s. 75
Gla'mat, Lundheim, s. 54
Gourmet og reiseliv, Trondarnes, s. 93
Storkjøkken, Olavskulen Bømlø, s. 67

Fagoversikt

24

AVIS > sjå Medium og kommunikasjon
BÁTBYGGING > sjå Kunst, design og handverksfag
DATA> sjå IT
DRAMA > sjå Teater, drama, revy
DYKING > sjå Idrett og friluftsliv

KUNST, DESIGN OG HANDVERKSFAG (INKL. BÁTBYGGING, INTERIØR, KOSTYME OG SMINKE, MÅLING, SAUM, TEIKNING)

Allsidig, Soltun, s. 85
Art basic, Lundheim, s. 54
Art-idé, Hedmarktoppen, s. 46
Bilde, Fredtun, s. 41
Bildekunst, Seljord, s. 79
Bildende kunst, Agder, s. 26
Billedkunst, Fana, s. 35
Billedkunst, Sund, s. 86
Billedkunst, Nansenskolen, s. 59
Billedkunst og tekstildesign, Åsane, s. 102
Båtbygging, Fosen, s. 39
Design & Fashion, Ringerike, s. 72
Fashion Design, Rødde, s. 75
Flexilinjé, Peder Morset, s. 69
Foto, sølv, glass og leire, Ringebru, s. 71
Håndverk og design Fosen, s. 39
Interiør, Jæren, s. 51
Interiør, Skiringssal, s. 80
Interiør, kunst og produkt, Ringebru, s. 71
Interiør og design, Risøy, s. 73
Glassblåsing – smiing - keramikk, Skogn, s. 82
Keramikk, tegning og maling, Solborg, s. 84
Keramikk, Agder, s. 26
Keramikk, tre, smie, skulptur, Seljord, s. 79
KID – Kunst Inspirasjon Design, Sagavoll, s. 77
Klær, grafisk design - interiør, Grenland, s. 42
Klær og kostymer, Skiringssal, s. 80
Klær, mote og design, Solborg, s. 84
Klær og design, Hardanger, s. 44
Kostyme og teatersminke, Romerike, s. 74
Kreativ forming, Møre, s. 57
Kreativ og reiseglad, Ringebru, s. 71
Kunst, Follo, s. 38
Kunst, Namdals, s. 58
Kunst, Ringerike, s. 72
Kunst, Rønningen, s. 76
Kunst, Sunnhordland, s. 88
Kunst, Trøndertun, s. 94
Kunst/ glassdesign/ interiør, Fjordane, s. 36
Kunst/ design, Elverum, s. 34
Kunst & bilde, Buskerud, s. 32
Kunst & Design, Hurdal Verk, s. 48
Kunst og handverk, Voss, s. 99
Kunst og håndverkslinje, Peder Morset, s. 69
Kunst og kreativitet, Risøy, s. 73
Miljø og kreativitet, Olavskulen Bømlø, s. 67
Mote/Design, Holtekilen, s. 47
Mote - design - kreasjon, Nordhordland, s. 61
Mote & design, Buskerud, s. 32
Mote og design, Trondarnes, s. 93
Multikunst, Høgtun, s. 49
Produktdesign, Torshus, s. 91
Redesign, Sund, s. 86
Scenetekniske fag, Revyskolen Solbakken, s. 70
Scenografi, Romerike, s. 74
Søm & Design, Skogn, s. 82
Søm, Fredtun, s. 41
Søm og tekstil, Ål, s. 101
Søm-tekstil, Karmøy, s. 52
Tegning og maling, Skiringssal, s. 80
Tekstildesign, Seljord, s. 79
2Dimensjonal, teikning, maling, foto, Hardanger, s. 44

FILM, VIDEO > sjå Medium og kommunikasjon
FREDSFAG > sjå Internasjonale fag
FRILUFTSLIV > sjå Idrett og friluftsliv
GRAFISK DESIGN > sjå IT
HELSEFAG > sjå Sosial, helse og omsorg

LEIARTRENING

Friluftsliv/veggleiing, Nordfjord, s. 60
Ledelse og coaching, Haugetun, s. 45
Ledertrening, Sandvik, s. 78

LIVSSYN

Barne og ungdomsarbeid, Sandvik, s. 78
Forkynnelse, Sandvik, s. 78
Global Mission, Hedmarktoppen, s. 46

LYD- OG LYSTEKNIKK

Lyd, Manger, s. 55
Lyd, Sunnhordland, s. 88
Lyd, Trøndertun, s. 94
Lyd, Viken, s. 98
Lyd – Lys - Scene, Vefsn, s. 96
Lyd, lysteknikk og scenografi, Revyskolen Solbakken, s. 70
Lydteknikk/ musikkproduksjon, Bakketun, s. 28
Lydteknikk og musikk, Romerike, s. 74
Lyd og Bilde, Rønningen, s. 76
Lysdesign, Romerike, s. 74

MARITIME FAG (SJÅ OGSÅ IDRETT OG FRILUFTSLIV)

Adventure-Aqua, Solborg, s. 84
Seiling, Fosen, s. 39
Seiling – ren glede, Risøy, s. 73

MEDIUM OG KOMMUNIKASJON (INKL. AVIS, FILM, RADIO, TV, VIDEO)

Avisjournalistikk og foto, Danvik, s. 33
Digital video, Lundheim, s. 54
Film, Agder, s. 26
Film, Buskerud, s. 32
Film, Danvik, s. 33
Film/Foto, Hallingdal, s. 43
Film/Video, Holtekilen, s. 47
Film og foto, Pasvik, s. 68
Film og foto, Voss, s. 99
Film og Media, Solborg, s. 84
Film og TV, Skiringssal, s. 80
Film og TV, Sandvik, s. 78
Filmproduksjon, Fana, s. 35
Journalistikk, politikk og samfunn, Skjeberg, s. 81
Journalistikk, Arbeiderbevegelsens, s. 27
Journalistlinjen, Nordiska, s. 62
Media, Lundheim, s. 54
MAD - Media Action Dolumentar, Sagavoll, s. 77
Medielinje, Peder Morset, s. 69
Multimedia Design, Rødde, s. 75
Multimedie design, Arbeiderbevegelsens, s. 27
Radio, Danvik, s. 33
Radio- og tv-journalistikk, Skjeberg, s. 81
Sportsjournalistikk og idrett, Skjeberg, s. 81
TV/ Film, Møre, s. 57
TV-produksjon, Danvik, s. 33
VideoOnline, Jæren, s. 51

HUNDEKØYRING > sjå Idrett og friluftsliv
INTERIØR > sjå Kunst, design og handverksfag
JAKT OG FISKE > sjå Idrett og friluftsliv
KOSTYME OG SMINKE > sjå Kunst, design og handverk
MÅLING > sjå Kunst, design og handverk

MILJØFAG – ØKOLOGI

Miljø og Klima, Sund, s. 86
Øko-tokt, Fosen, s. 39

MUSIKK

Band, Rødde, s. 75
Band, Rønningen, s. 76
Band, Vefsn, s. 96
Band, Viken, s. 98
Band og studio, Namdals, s. 58
Band, rock/pop/soul, Elverum, s. 34
Brassband, Manger, s. 55
5 X Sang- og Scenetrening, Nordiska, s. 62
Folkemusikk – norsk og internasjonal, Fana, s. 35
Hovedinstrument, Toneheim, s. 90
Improvisasjon (jazz, blues, country),
Olavskulen Bømlø, s. 67
Jazz, Agder, s. 26
Jazz, Sund, s. 86
Jazz, Toneheim, s. 90
Jazz, Trøndertun, s. 94
Jazz/pop/rock, Viken, s. 98
Kirkemusikk, Viken, s. 98
Klassisk, Viken, s. 98
Klassisk musikk, Toneheim, s. 90
Kor og vokal, Follo, s. 38
MP3 Musikk og Performance, Nordhordland, s. 61
Musikal, Olavskulen Bømlø, s. 67
Musikk, Fredtun, s. 41
Musikk, Hedmarktoppen, s. 46
Musikk, Hurdal Verk, s. 48
Musikk, Manger, s. 55
Musikk, Nordmøre, s. 63
Musikk, Risøy, s. 73
Musikk, Sagavoll, s. 77
Musikk, Skiringssal, s. 80
Musikk, Skogn, s. 82
Musikk, Sunnhordland, s. 88
Musikk, Toneheim, s. 90
Musikk, Trondarnes, s. 93
Musikk, Voss, s. 99
Musikk – band og låtskriving, Høgtun, s. 49
Musikk.Dans, Sunnmøre, s. 89
Musikk.Friluftsliv, Sunnmøre, s. 89
Musikk.Idrett, Sunnmøre, s. 89
Musikk Live, Birkeland, s. 29
Musikk og musikkproduksjon, Skjeberg, s. 81
Musikk og Studio, Jeløy, s. 50
Musikk og teater, Romerike, s. 74
Musikklinje, Åsane, s. 102
Musikk/studio, Holtekilen, s. 47
Musikk – pop, rock, jazz, folkemusikk, Seljord, s. 79
Musikkproduksjon, lyd og lys, Sandvik, s. 78
Musikkteater, Revyskolen Solbakken, s. 70
Musikkterapi, Viken, s. 98
Musikk/Vokal, Bakketun, s. 28
pc.rock, Jæren, s. 51
Rampelys - band, Solborg, s. 84
Rock, Trøndertun, s. 94
Rock & metal, Buskerud, s. 32
Rockeband, Lundheim, s. 54
Sang, Toneheim, s. 90
Sang Scene Studio, Haugetun, s. 45
Singer Songwriter, Seljord, s. 79

PSYKOLOGI > sjå Sosial, helse og omsorg
PEDAGOGIKK > sjå Sosial, helse og omsorg
RADIO > sjå Medium og kommunikasjon
REISELIV > sjå Internasjonale fag
REVVY > sjå Teater, drama, revy

Team Action on the Road, Hedmarktoppen, s. 46
Viselinjen, Nordiske, s. 62
Voice, Rødde, s. 75
Vokal, Karmøy, s. 52
Vokal, Rønningen, s. 76
Vokal, Viken, s. 98
Vokal & Scene, Skogn, s. 82

NORSK FOR FRAMANDSPRÅKLEGE

International, Agder, s. 26
International class, Rønningen, s. 76
Internasjonal, Birkeland, s. 29
Internasjonal, Høgtun, s. 49
Internasjonale studenter, Fredtun, s. 41
Norsk, Haugetun, s. 45
Norsk 2, Elverum, s. 34
Norsk, Ål, s. 101
Norsk for fremmedspråklige døve, Ål, s. 101
Norsk for utlendinger, Jeløy, s. 50
Norsk språk, kultur og samfunn, Pasvik, s. 68
Norsk språk og kultur, Follo, s. 38
Norwegian Language, Nordmøre, s. 63
Norwegian language and culture, Trondarnes, s. 93
Norsk for fremmedspråklige, Soltun, s. 85
World class, Fredtun, s. 41

REDNING OG TRYGGLEIK

Redning-beredskap, Karmøy, s. 52
Redning og sikkerhet, Risøy, s. 73
Security, Fredly, s. 40

SKRIVEVERKSTAD

Forfatterstudiet, Danvik, s. 33
Forfatterverksted, Åsane, s. 102
Kreativ skrijving, Buskerud, s. 32
Revytekst, Revyskolen Solbakken, s. 70
Skrivekunst, Nansenskolen, s. 59
Skrivekurs, Nordiska, s. 62

SOSIAL, HELSE OG OMSORG (INKL. BARN, PSYKOLOGI, PEDAGOGIKK, SJØLVUTVIKLING)

Aikido – Energi og Bevissthet, Vestoppland, s. 97
Barn og Ungdom, Birkeland, s. 29
Helse og alternativ livsstil, Namdals, s. 58
Helse og helhet, Vestoppland, s. 97
Helse og sosialfag, Torshus, s. 91
Helse, psykologi og sosialt engasjement, Haugetun, s. 45
Helse, terapi og livsstil, Nordhordland, s. 61
Kreativitet og frigjøring, Vestoppland, s. 97
Psykologi-omsorg, Karmøy, s. 52
Psykologi og samfunn, Fana, s. 35
Psykologi og sosialarbeid, Jeløy, s. 50
Psykologi, pedagogikk og ledelse, Toten, s. 92
SOS, Sunnfjord, s. 87
Sosial, Jæren, s. 51
Sosial, Rønningen, s. 76
Sosialfag med barnehage, Trondarnes, s. 93
Sosialfaglinje, Peder Morset, s. 69
Sosiologi på gateplan, Holtekilen, s. 47

RIDING > sjå Hest
SAMFUNNSFAG > sjå Internasjonale fag
SEGLING > sjå Maritime fag
SJØLVUTVIKLING > sjå Sosial, helse og omsorg
SIRKUS > sjå Teater, drama, revy

TEIKNSPRÅK

Tegnspråk, Ål, s. 101

TEATER, DRAMA, REVY (INKL. SIRKUS)

Drama, Sandvik, s. 78
Drama/ Teater, Bakketun, s. 28
Kreativ linje, Soltun, s. 85
Musikal, Seljord, s. 79
Musikal, Viken, s. 98
Musikk teater, Ringerike, s. 72
Musikkteater, Follo, s. 38
Rampelys – revy/scene, Solborg, s. 84
Revyteater, Revyskolen Solbakken, s. 70
Scenekunst, Åsane, s. 102
Scenesprell (teater – dans – drama), Karmøy, s. 52
Sirkuslinje, Fjordane, s. 36
Skuespillerteknikk, Danvik, s. 33
Teater, Buskerud, s. 32
Teater, Fana, s. 35
Teater, Fredtun, s. 41
Teater, Hallingdal, s. 43

Teater, Hedmarktoppen, s. 46
Teater, Nordmøre, s. 63
Teater, Olavskulen Bømlø, s. 67
Teater, Romerike, s. 74
Teater, Seljord, s. 79
Teater, Skiringssal, s. 80
Teater, Sunnhordland, s. 88
Teater, Trondarnes, s. 93
Teater, Vefsn, s. 96
Teater/ musikal, Elverum, s. 34
Teater og dans, Lundheim, s. 54
Teaterlinjen, Nordiska, s. 62

Fagoversikt

25

SPRÅK > sjå Internasjonale fag
SAUM > sjå Kunst, design og handverk
TEIKNING > sjå Kunst, design og handverk
TV > sjå Medium og kommunikasjon
WEB > sjå IT

Halvårskurs

5 X Sang og scenetrening, Nordiska, s. 62
Folkehøgskole i Hviterussland, Agder, s. 26
Fredskorps, Sund, s. 86
Circum Polare, Øytun, s. 100
Crux, Nordfjord, s. 60
Nordisk Horisont, Nordiska, s. 62
Nordisk naturfotolinje, Øytun, s. 100
Ski og skred, Øytun, s. 100
Vintersport, Namdals, s. 58
Vintertindar, Nordfjord, s. 60

Kurs for døve

Ål, s. 101

Seniorkurs

Nordnorsk Pensjonistskole, s. 64
Norsk Senter for Seniorutvikling, s. 65

Skolar innretta for rørslehemma

Bakketun, s. 28
Bjerkely, s. 30
Fjordane, s. 36
Fredly, s. 40
Lundheim, s. 54
Nordhordland, s. 61
Olavskulen Bømlø, s. 67
Peder Morset, s. 69
Risøy, s. 73
Soltun, s. 85
Pasvik, s. 68

Tilpassa opplæring

Aktiv bo, fritid og hest – veien videre, Risøy, s. 73
All round (opptrening), Lundheim, s. 54
Allsidig, Soltun, s. 85
Arbeidstreninglinje, Peder Morset, s. 69
Bo - Fritid, Valdres, s. 95
Bo og fritid, Åsane, s. 102
Bo og Fritids linje, Sandvik, s. 78
Botrening, Grenland, s. 42
Bu- og arbeidstrening, Nordfjord, s. 60
Bu og Fritid, Jæren, s. 51
Flexilinjé, Peder Morset, s. 69
Friluftsliv for funksjonshemmede, Soltun, s. 85
Friluftsliv og idrettslinje, Peder Morset, s. 69
Hestelinje, Peder Morset, s. 69
Kunst og håndverklasje, Peder Morset, s. 69
Medielinje, Peder Morset, s. 69
Musikk, bo & fritid, Viken, s. 98
Tilrettelagt opplæring, Toneheim, s. 90